



Innbydelse

Sykkelritt til minne om Ole Anders Skaugen

LAURDAG 22. AUGUST 2009

Velkomen til morosam stigsyking i storslagen natur rundt Høvringen!

Vi inviterer med dette til sykkelritt i fine omgivelser på Høvringen laur dag 22. august. Rittet er meint som eit sykkelritt til minne om Ole Anders Skaugen som så tragisk drukna for 2 år sidan. Vi håper det kan bli eit årleg sykkelritt, slik at minnet etter Ole Anders alltid vil vær e der. Rittet er for både gamal og ung, sprek og litt utrena, og vi oppfordrer alle som vil heidr e Ole Anders om å stille opp.

KLASSER

Det vil vær e ei eigen barneklasse frå 6-9 år med løype 2,5 km, 10-11 år med ei løype på 5 km, og ei ungdomsklasse frå 12-16 år med

løype på 10 km og ein hovudtrase på 23 km for alle klassene frå 17 år og oppover . Det vil vær e ei eigen turklasse.

PREMIERING

Alle barn får pr emie. Premie til alle klassevinnarane og gavekort hos G-sport Otta på kr 2.000,- for totalvinneren i dameklassen og gavekort hos M. Holum Sport Otta på kr 2.000,- for totalvinneen i herreklassen. I tillegg vil det være eigen minnepokal etter Ole Anders i klassen M 17-19 år og i K 17-19 år.

TRASE, PRIS OG PÅMELDING

ALDERSKLASSER F.O.M. 17 ÅR:

START KL. 13:00

Løypa er ca. 23 km og går i storslagen fjellnatur på og rundt Høvringen i utkanten av Rondane nasjonalpark. Vel halvparten av løypa går på stig med vekslande underlag. (Parti med noko stein så det er lurt med kraftige dekk for å unngå punktering.)

Starten (og mål alle klasser) er på parkeringsplassen ved oppkjøringa til Br ekkesæter. Starten går med master på vegen rundt på Høvringen, halvvegs i runda i bakken opp ved Rondeheim (etter ca. 1 km) blir feltet sleppt fritt ut i løypa som startar mot søraust. Det blir ein liten trøkk opp bakken til Haukli før løypa flatar ut og følgjer grusvegen mot Putten 2 km. Så inn på stigen mot Formokampen (som du har midt i

mot), ved Skjærungsåe er det vending og på stig går det nordover att til Høvringen. Rett før Haukli kjem ei bratt nedkjøring, gjennom tunet på Haukli, eit kort (100 m) stigparti med smal stig før ein kjem inn på grusvegen mot Smukksjøsæter.

Nå følgjer 2 km stigning – bratt i starten og slakar e mot løypas høgaste punkt 1170 moh. Storslagen utsikt mot Rondane nasjonalpark. Etter ca. 4 km på grusvegen kjem ei bratt utforkjøring ned til nordre Høvringsvatnet. Nå kjem løypas mest morosame del: Stigen på nor dsida av Høvringsåe attende til Høvringen (Brekkesæter) 4 km. Av Rune Høydal karakterisert som ein av Nor egs finaste fjellstigar til sykling. Her kan det gå fort!

Frå Brekkesæter fortset det med artig stigsykling i stor fart mot nor dvest over Kvannslådalsåe (på bru) og over Mjølrakkåe (utan bru). Over på ein smal stig blant gamle furutre inne i Vardmorkje. Inn på grusveg – fyrst utfor, så ein 90° sving og stigning opp til Kvannslådalsåe. Kort flate og inn på asfalten som skal følgjast opp til butikken. Ved butikken kjem siste stigning; på grusveg (300 m), over på stig (300 m) og 200 m spurt på asfalt til mål.

Påmelding kr 200. Eingongslisens/forsikring NCF kr 150 (eller aktiv lisens).

TRIMRITT:

START KL. 13:00

Løypa følgjer same traseen som over.

Påmelding kr 50. Eingongslisens/forsikring NCF kr 25.

ALDERSKLASSER F.O.M. 12 ÅR – T.O.M. 16 ÅR:

START KL. 12:00

Løypa er ca. 10 km og går i sløyfe mot aust (Smukksjøsæter). Starten går på same plassen som over , men løypa går rett inn på grusvegen til Smukksjøsæter (skildra over) og stigen på nor dsida av Høvringsåe attende til Høvringen (Brekkesæter). Så 400 m mot nor d-vest (mest stig), 100 m nedover (stig), litt grusveg før løypa kjem inn på dei siste 500 m av løypa over.

Påmelding kr 100. Eingongslisens/forsikring NCF kr 50 (eller aktiv lisens).



ALDERSKLASSER F.O.M. 6 ÅR – T.O.M. 11 ÅR:

START KL. 12:00

Løypa er i starten den same som løypa for aldersklasser f.o.m. 17 år. Når løypa kjem inn på asfalten att ved Rondeheim skal det syklast mot butikken. Frå butikken er løypa felles med siste 800 m av løype for dei f.o.m. 17 år (øvste skildringa). 6,7, 8 og 9 år kjører 1 runde og 10 og 11 år kjører 2 runder.

Fri påmelding – forsikring NCF kr 25.

FOR ALLE KLASSER:

HUGS DET ER ANDRE PÅ TUR I FJELLET OGSÅ: TA OMSYN SÅ FÅR ALLE EIN FIN DAG.

PÅMELDING

Inntil 1 time før start eller Anders Kristian Nordnes; e-post: anders.nordnes@naturopplevingar.no

Betaling til kto. nr. 1503.10.98715 (Merk: Namn og fødselsår)

KORLEIS FINNE FRAM:

Ta av frå E6 17-18 km nord for Otta, skilta til Høvringen. Frå E6 er det ca. 8 km opp til starten på Høvringen. Etter ca. 6 km er det vegskilje, baa vegane fører til start.

OVERNATTING:

For den som ønskjer det, kan overnatting ordnas. Sjå www.hovringen.no

Velkomen til artig sykling og fin oppkjøring til birkebeinerrittet!



